

Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm, Næringsavdelinga
 Sak nr.: 15/9424-7

Vurdering av søknadar til Marint verdiskapingsfond 2015

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesdirektøren for næring rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune finn ikkje at dei tre prosjekta som er vurdert relevante for finansiering utifrå fondet sine vedtekter, har ein slik kvalitet at dei er mogne for finansiering gjennom Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane.
- 2 Fylkeskommunen vil i denne omgang ikkje gje finansiell støtte til nokon av søknadane.
- 3 Det vert gjennomført ein ny utlysing i Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane allereie i 2015 slik at desse søkjarane, til like med nye søkjarar, raskt kan søke prosjektfinansiering frå fondet.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

- 1 Mal for evaluering av søknadar i Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane 2015

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- 1 Søknad frå Lærdal Elveigarlag/INAQ
- 2 Søknad frå Sulefisk AS/INAQ
- 3 Søknad frå Lærdal Elveigarlag/INAQ
- 4 Søknad frå Sogn Aqua juveniles AS

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane hadde si fjerde utlysing med søknadsfrist 25. september 2015. Det kom inn fire søknadar; eitt forprosjekt og tre hovudprosjekt. Samla søknadssum til fondet var kr. 3,28 mill.

Ei faggruppe har evaluert søknadane på grunnlag av vilkåra for fondet og fastsette kriterier. Ingen av prosjekta var så gjennomarbeidde at vi finn dei stønadsgode slik dei no ligg føre. Ein ynskjer å lyse ut ny tildelingsrunde i 2015, slik at søkjarane kan få høve til å oppgradere sine søknadar.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane (MVF) vart etablert i 2010 på grunnlag av midlar frå konsesjonstildelinga for laks i 2009, og hadde si første tildeling i 2012. Etter vilkåra i fondet skal det gjennomførast ei årleg tildeling av midlar frå fondet.

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane har no gjennomført si fjerde utlysing av midlar der søknadsfrist var 25. september 2015. Ved fristens utløp var det registrert fire søknadar; eitt forprosjekt og tre hovudprosjekt. Dette er ei halvering av tal søknadar frå 2014.

Historikk - tidlegare vedtak

- Oppretting og kriterier for Marint verdiskapingsfond i Sogn og Fjordane (HPN sak 35/10, Fu sak 64/10, FT sak 32/10)
- Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2012 (HPN sak 34/12)
- Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2013 (HPN sak 17/13)
- Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2014 (HPN sak 77/14)

Tabell 1 Oversyn over prosjekt som er finansiert av fondet

År	Søklar	sum	Tittel
2012	NIVA (INAQ) 1)	3 000 000	Etablering av kunnskapsgrunnlag for bruk av sjøaure som indikator på en berekraftig oppdrettsnæring i Sog
2013	Norges Vel	140 000	Forprosjekt: Dyrking av alger til konsum
2013	NIVA/Stift. Norsk villakssenter	350 000	GyroLUS 2013-2015 (vidareføring av KUSTUS frå 2012). Strategiar for infeksjonspress av lakselus
2013	NIVA/Årdal Jeger og fisk	500 000	Vandringsmønsteret til sjøaure frå Årdal og Fortun 2013-2015 - infeksjonspress frå lakselus.
2013	NIVA/Stift. Norsk villakssenter	150 000	"Slus" - Evaluere effekt av lakselus på marin overleving hjå laksesmolt frå Lærdalselva
2014	Nordfjord Laks AS	460 000	Forprosjekt- Avlusningsmetode ved bruk av nye miljøvenlege kjemikalium
2014	Hortimare AS	600 000	Integrert akvakultur

1) INAQ har overteke ansvaret for gjennomføringa av denne og andre NIVA-søknadar i tabellen

Tabell 2 Oversyn over midlar i Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane

Sum kr. overført til fondet i 2009	11 000 000
tildelt i 2012	3 000 000
tildelt i 2013 ¹⁾	1 140 000
tildelt i 2014	1 060 000
<u>avsett (2014) til prosjekt Marine grunnkart ²⁾</u>	<u>400 000</u>
<u>restsum tilgjengeleg pr. 2015</u>	<u>5 400 000</u>

1) Ved tildeling i 2013: politisk vedtak om tildeling til 6 prosjekt med samla støttesum kr. 2,34 mill., men to prosjekt vert trekt tilbake/ikkje starta opp (kr. 1,2 mill.).

2) HPN sak 21/14

Handsaming av søknadar i 2015

Eit fagpanel sett saman av dei tre marine medarbeidarane i næringsavdelinga, samt to representantar frå «Sjømat Norge» (tidlegare Fiskeri- og Havbruksnæringas Landsforening (FHL)) vurderte søknadane. Ein representant frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fekk førespurnad om deltaking, men rakk ikkje gjennomføre vurderingane innan fristen.

Tabell 3 Søknader til Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane 2015

Søknad n	Søkjær:	Tittel:	søknadssum
1	Lærdal Elveeigarlag/INAQ	Fleirgangsgytarar – ein joker i framtidig oppdrettsvekst?	285 000
2	Sulefisk AS/INAQ	Vandringsdyp til vill laksesmolt	595 000
3	Lærdal Elveeigarlag/INAQ	Laksefisk frå indre Sogn – infeksjonspress lakselus?	800 000
4	Sogn Aqua juveniles AS	Forprosjekt: Landbasert produksjon av kveiteyngel	1 600 000

3. Vurderingar og konsekvensar

Fagpanelet vurderte søknadane etter ein fast mal for både relevans og prosjektkvalitet. Det vart nytta talkarakter (på skala frå 1 til 5 der 5 var høgast) for ulike kriterium. For å vere gode nok for finansiering må prosjektet både ha ein høg relevans (4 eller 5) og tilsvarende på prosjektkvalitet.

Kort vurdering av prosjekta

Søknad 1 Fleirgangsgytarar – ein joker i forhold til framtidig oppdrettsvekst

Søkjær: Lærdal elveeigarlag v/Lasse Sæltun

Prosjektleder: Henning Urke, INAQ AS

Det vert søkt om kr. 285 000 frå fondet til to ulike aktivitetar:

- 1) Tilleggsfinansiering til prosjektet «Auka verdiskaping i sportsfisket i Lærdalselvi - kunnskapsbasert lokal forvaltning av sjøaure og laks for å sikre bærekraftige naturopplevingar i verdensklasse». Prosjektet fekk 3 mill. frå Regionale forskningsfond Vestlandet i 2015 og manglar kr. 235 000 på å vere fullfinansiert. Finansieringa er tenkt nytta til å kvantifisere fleirgangsgytarar sin del og deira bidrag til bestanden og å fastslå robustheit mot infeksjonspress. Data frå Altaelva og eldre data frå Lærdalselvi syner at svært høg del (om lag 80 % i Lærdalselvi) overlever gyteperioden og overvintrar i elva fram til neste vår. Dette rokkar ved tidlegare sanningar om at dei aller fleste laksane dør etter gyting. Delprosjektet ynskjer å talfeste dette ved å merke 40 laks og undersøkje overlevinga.
- 2) I tillegg vil søkjær nytte kr. 50 000 på å utvikle og prøve ut fiskemerker med posisjoneringsegenskaper slik at ein kan få informasjon om kvar i havet Lærdalslaksen beitar.

Vurdering av søknaden

Fagpanelet finn ikkje prosjektet relevant i høve til utlysinga, då denne set som krav at prosjektet skal vere forankra i relevante problemstillingar for oppdrettsbransjen i fylket. Kunnskap om overleving av gytefisk og vidare om fleirgangsgytarar er viktig som eit grunnlag for turistfiske i Lærdalselva, men ikkje relevant i høve oppdrettsnæringa sine største utfordringar i høve villlaks (rømming og lakselus-press på villfisk).

Konklusjon

Søknaden treff ikkje i høve til utlysinga og relevante problemstillingar for oppdrettsnæringa. Prosjektet får karakter 1 på ein skala der 1 er lite godt og 5 er særst godt når det gjeld relevans, noko som ikkje kvalifiserer til finansiering gjennom fondet.

Søknad 2 Vandringsdybde til vill laksesmolt

Søkjær: Michel Niesar, Sulefisk AS

Prosjektleder: Henning Urke, INAQ AS

Det vert søkt om kr. 595 000 til å teste ut nyutvikla djupnesensarar som kan nyttast til vill smolt for å kartlegge symjedjupet til desse. Denne kunnskapen er så langt ikkje dokumentert i litteraturen og djupne er ein kritisk faktor i høve til risiko for påslag av lakselus i områder der ein har sjikting av vasslaga, slik som Sognefjorden i sommarhalvåret. Fondet er søkt om å dekke 50 % av prosjektet sine kostadar.

Vurdering av søknaden

Prosjektet skårar høgt (4, tilsvarar «meget bra»), på relevans i høve utlysinga, men prosjektkvaliteten ligg berre i underkant av 3 (dvs. noko lågare enn «godt»). Prosjektet har lokal forankring der lokale oppdrettsselskap er med på finansieringssida, men det trekkjer ned at nesten all finansiering utanom fondet sine midlar er i form av arbeid. Mål er uklart og skildring av prosjektaktivitetar mangelfull. Organiseringa av prosjektet skårar høgt, men prosjektplanen totalt sett er uklår. Det synest ikkje å vere godt samsvar mellom budsjett og aktivitet i prosjektet.

Konklusjon

Søknaden treff godt i høve relevans for utlysinga, og problemstillinga er interessant. Totalkarakteren for prosjektet vert svekka ved låg skår på prosjektkvalitet. Først og fremst ved dårleg skildring av mål og aktivitetar, samt oppfatta dårleg samsvar mellom aktivitetar og budsjett. På prosjektkvalitet får søknaden etter samla evaluering ein karakter i underkant av 3 på ein skala der 1 er lite godt og 5 er særst godt. Karakteren bedømmer då prosjektet som i underkant av «godt», noko som ikkje kvalifiserer til finansiering gjennom fondet.

Søknad 3 Laksefisk frå Indre Sogn- infeksjonspress lakselus?

Søkjjar: Lærdal elveeigarlag v/Lasse Sæltun
 Prosjektleiar: NMBU v/Thrond Oddvar Haugen
 Koordinator: Henning Urke, INAQ AS

Det vert søkt om kr. 800 000 til å ferdigstille eit prosjekt på risiko- og sårbarheitsanalyse knyta til lakselusinfeksjonar og optimalisering av avlusingsstrategiar. Dette skal ein gjere gjennom å nytte ein simuleringsmodell. Fondet er spurt om å dekke 54 % av delprosjektet sine kostnader. Fondet finansierte i 2012 kr. 3 mill. til prosjektet KUSTUS (2012-2016) der vi finansierte to av fire arbeidspakker som var omsøkt. Dette var arbeidspakke 1: Vandringsmønster til sjøaure frå Aurlands- og Lærdalselva og arbeidspakke 3: Smoltkvalitet og helsestatus på vill laksefisk. I tillegg finansierte fondet oppfølging (kostnad kr. 350 000) i 2013. Denne søknaden er ei realisering av nok ei arbeidspakke (AP 2 Antatt lusepress) som var omtalt i KUSTUS, men ikkje funne finansieringsverdig i 2012.

Vurdering av søknaden

Prosjektet skårar berre middels på relevans i høve utlysinga (3-4), og skårar noko under middels (3) på prosjektkvalitet. Prosjektet har eit innhald ganske likt det som i 2012 vart vurdert som mindre relevant for finansiering. Prosjektet sine leveransar er ein modell basert på data frå ulike kjelder og fleire modellar. Slike modellar vil alltid bare vere så gode som dei data som vert nytta i modellen. Mellom anna er det svært lite data på lusepress frå Sognefjorden. Det er ikkje lagt opp til innsamlingar slik at datagrunnlaget vert forbetra, noko som vert vurdert som svakt ved prosjektet. Det er uvisst kor stor nytte ein modell vil ha for oppdrettsnæringa før ein har større omfang av relevante data og bygge modellen på.

Konklusjon

Prosjektet treff berre litt over middels godt i høve til relevans med ein karakter mellom 3 og 4 på ein skala der 1 er lite godt og 5 er særst godt. Prosjektkvalitet er under middles (under 3). Søknaden kvalifiserer ikkje til finansiering gjennom fondet.

Søknad 3 Forprosjekt- landbasert produksjon av kveiteyngel

Søkjjar: Sogn Aqua juveniles AS
 Prosjektleiar: Rune Valaker (uklart i følge søknad om dette er rett)

Det vert søkt fondet om kr. 1,6 mill. til eit forprosjekt som skal avklare fire spørsmål i høve til landbasert produksjon av kveiteyngel. Desse delmåla er:

- 1 Vasskvalitet
- 2 Vassforsyning internt i anlegget
- 3 Copepoder
- 4 Ny type startforingskar

Utifrå vedlagt budsjett er det ikkje lett å seie kor stor del av forprosjektet som er tenkt finansiert gjennom fondet.

Vurdering av søknaden

Svært interessant problemstilling sidan mangel på kveiteyngel er ein avgjerande faktor for vidare vekst i norsk kveitenæring. Søknaden er også vurdert som relevant i høve utlysinga, og skårar høgast på relevans av dei fire søknadane i 2015. På prosjektkvalitet derimot, får søknaden låg skåre (godt under 3). Prosjektplanen er svært mangelfull. Den manglar overordna mål, presise og målbare delmål, organisering av forprosjektet er ikkje vist og aktiviteter mangelfullt omtalt. Budsjett er lite tilgjengeleg for lesar og finansieringsplan manglar. Med tanke på kor omfattande og økonomisk krevjande forprosjekt er, meiner fagpanelet at søknaden må levere ein meir strukturert prosjektplan om det skal vere aktuelt for delfinansiering. Om søkjar hadde nytta søknadsmål, ville dette ha vore til hjelp for å organisere søknaden.

Konklusjon

Prosjektet treff svært godt i høve til relevans med ein karakter mellom 4 og 5 på ein skala der 1 er lite godt og 5 er særst godt. Det er eit svært spennande og viktig forprosjekt, som på sikt kan føre til at ein flaskehals for norsk kveitenæring kan løysast. Prosjektkvalitet er under middles (under 3). Søknaden kvalifiserer difor ikkje til finansiering gjennom fondet.

Vurdering av kvaliteten på søknadane

Ser ein på dei tre søknadane som er relevante for finansiering i høve fondet sine vedtekter har to av desse (søknad 2 og 4) høg skår på relevans.

Dessverre er alle søknadane som kom inn til fondet ved denne utlysinga prega av dårleg kvalitet. Manglar i prosjektplanen omfattar både mål, delmål, organisering, omtale av prosjektaktivitet, samt manglar i finansieringsplan eller budsjett. Desse manglane forplantar seg vidare i søknaden, slik at denne vert vanskeleg å sette seg inn i og fagpanelet må forsøke å tolke kva søkjar eigentleg ynskjer å gjennomføre, og korleis aktiviteten i prosjektet skal gå føre seg.

Ein kan undre om desse manglane har samanheng med for kort søknadsfrist? Dette er truleg ikkje forklaringa i år, sidan utlysinga vart kunngjort på framsida til fylkeskommunen si heimeside allereie i juni (og gjenteke i september), og at direkte e-post med informasjon vart sendt ut til eit større tal bedrifter og FoU-miljø i og utanfor fylket.

Vi erfarer også at søkjarar kan gjenta dei same feila over tid, sjølv etter rettleiing, slik at tidspress åleine neppe er heile forklaringa. Fylkeskommunen har også våren 2015 gjennomført kurs i FoU for sjømatnæringa der søknadsskriving vart grundig gjennomgått.

Under kurs i FoU for sjømatnæringa på Universitetet i Tromsø i 2015, vart det uttalt av einskilde sjømatbedrifter at «fylkeskommunale pengar er sett på som «lette» midlar å få tak», i høve til t.d. Forskningsrådet. Etter fylkeskommunen si oppfatning, skal det vere slik: Vi skal ikkje vere like strenge i vår evaluering som Forskningsrådet, men stiller likevel minimumskrav til søknadane. Vi er også uroa over om denne haldinga gjer til at ein ikkje legg tilstrekkeleg ressursar ned i planlegging av prosjektet. Ein god prosjektplan vil også sikre at gjennomføringa av aktivitetane vert lettare, så det er minst like viktig for prosjektet sjølv som det er for den som skal delfinansiere prosjektet.

4. Konklusjon

Av dei fire søknadane som kom inn i 2015, er tre av desse relevante i høve fondet sine vedtekter, men berre to søknadar skåra høgt på relevans. Diverre er prosjektkvaliteten på søknadane så låg (vurdert som dårlegare enn 3 på ein skala der 1 er lite godt og 5 er særst godt) at vi ikkje vil innstille på finansiering av nokre av søknadane slik dei er utforma i dag. Søknadane står fram som jamt over så umogne at desse må jobbast vidare med før dei kan vurderast for finansiering.

Framlegget til vedtak inneber difor at ingen av søknadane får finansiering ved denne søknadsrunden, men at søkjar får høve til å levere forbetra prosjektsøknader i ei ny utlysingsrunde i løpet av 2015.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)